

# VOSSA JAZZ

## Rapport for prosjektet UNGmusikk, verkstader og konsert

Målet for prosjekta var å skipa til gode og inspirerande kurs og verkstader for born og unge på Voss, der resultatet skulle vera musikkglede og auka kompetanse når det gjeld rytmisk musikk. Gjennom å tilby verkstader med profesjonelle musikarar for ungdom gir me eit spanande og utviklende program til denne viktige målgruppa. I tillegg er det viktig å brukta den profesjonelle arenaen Vossa Jazz er til å tilby scene og teknisk produksjon som er i ypparste klasse.

### SPELEKURS: INDIVIDUELT OG SAMSPEL, UNGDOM 16 - 20 ÅR

Me skipa til verkstad torsdag 10. mars med musikar og komponist Erlend Skomsvoll og Karoline Wallace, vokalist og komponist, som instruktørar. Det var ein fin duo med tanke på breidde i erfaring og bakgrunn. Kurset var ope for alle i aldersgruppa 16 – 20 år, og 21 ungdommar deltok. Fokus var på korleis komponera, laga musikk, og det var utvilsamt både inspirerande og lærerikt for dei som deltok.



Foto: Vidar Herre, avis Hordaland




Foto: Vidar Herre, avis Hordaland


I tillegg hadde me kritikarkurs for ungdom fredag 18. mars, der elevar ved 3M ved Voss Gymnas deltok. Målet var å gje elevane trening i å sette ord på kunstnarleg opplevinga. Ida Habbestad og Hild Borchgrevink, kritikarar i Aftenposten, leia kurset. Elevane fekk i oppdrag å gå på konserten med Lokomotiv og skriva omtale frå denne. Saka vart lagt ut i lokalavisa og på Vossa Jazz sine heimesider.



Lokomotiv

## KONSERT UNDER VOSSA JAZZ

Fredag 18. mars presenterte med Lokomotiv som består av studentar frå jazzlinja i Trondheim. Me hadde invitert ungdom frå 16-20 år og det var om lag 220 stk. tilstades. Me hadde spesielt invitert elvar frå dei vidaregåande skulane, Voss Ungdomsskule og Voss Folkehøgskule. Det var veldig inspirerande for ungdomen å høyra unge, flinke musikarar og konserten gav musikalsk påfyll. I tillegg fekk ungdomane som hadde delteke på skrivekurset skrive sin omtale frå konserten.



## DANS OG IMPROVISASJON I VANGSGATA

Vossa Jazz har eit ynskje om å tilby aktivitetar som ungdomen vanlegvis ikkje har på Voss, som t.d. skate- og streetdancekurs. Saman med Voss brettlag, Stig Paa og DJ Espen Horne skipa me til Vossajassbox. I tillegg var bandet Stor Overraskelse der med sitt teater-rap-stand-up show. Det var med andre ord duka for dans, musikk og improvisasjon i Vangsgata denne laurdagen! Om lag 30 personar deltok.

Omtale frå vossajazz.no:

*Sjå for deg South Bronx, New York på tidleg 80-tal. På eit gatehjørne står nokre disc jockeys og spinn urbane beats. Rapparar spyttar heftige rim mot kvarandre. Eit par hippe typar breakdansarar på den grove asfalten mens ein barsk gjeng feiar rundt i smuga på rullebretta sine. Så flyttar du heile scenarioet til vårlege Vangen. Då har du Vossajassbox.*

*Gamle og unge, dansarar og rapparar, DJs og beatboxarar hadde møtt opp på årets hippaste arrangement, Vossajassbox. Det var ei ellevill stemning då rytmene tok til, og breakdansarar heilt ned i åtteårsalderen byrja å shake. Då artistane i "Stor overraskelse" tok over kalaset var det ikkje tvil om at Voss, i alle fall for ein augneblink, var på høgde med dei største hiphopmetropolane i verda, og i nokre timer var dei kalde vossingane inne i djupet av Bronx.*

Voss, 18. april 2016

  
Trude Storheim  
Dagleg leiar



## Rekneskap for UNGmusikk verkstader og konsert

### Utgifter

Honorar instruktørar	40 000
Reise	8 000
Opphald, diett	20 000
Leige lokalar	6 000
Leige teknikk, utstyr	28 000
Promotering, materiell	20 000
Leige utstyr, rampe	8 000
Totalt	130 000

### Inntekter

Stønad HFK	30 000
Eigenandel Vossa Jazz	100 000
Totalt	130 000

Alle aktivitetane var gratis, Vossa Jazz er svært takknemlege for stønaden frå Kulturpotten.